


Miljøstatus Surna

Sist oppdatert august 2006



Foto: Statkraft




Lakseførende strekning: 54 km av totalt 67 km
 Midlare vassføring: 57 m³/s
 Nedbørsfelt i km² før og etter regulering: 1203
 Magasin: Follsjø og Gråsjø
 Kraftverk: Trollheim kraftverk og Gråsjø kraftverk
 Vassdraget påverka av utbygging frå 1968
 Produksjon: 814 GWh tilsvarar straumforbruket til ca. 40700 husstandar
 Klassifisering i vassdirektivet: Ikkje bestemt

Fiske i Surna nedstrøms Trollheim kraftverk




Tettleik av ungfisk eldre enn årsungar nedanfor Trollheim kraftverk



Kilde: Litteraturliste pkt. 1-4



Tettleik av ungfisk eldre enn årsungar ovanfor Trollheim kraftverk



Kilde: Litteraturliste pkt. 1-4




Foto: Statkraft

Surna




Fangst av laks og sjøaure




Kilde: SSB

Vassføring i Surna attmed Skjermo. Vekesmidler 87-04



Kilde: NVE

Vasstemperatur attmed Trollheim kraftverk 2002



Kilde: NVE

Data er samla inn frå NVE, Statistisk sentralbyrå, Fylkesmannen og Statkraft. Vurderingane vist som "trafikkljos" er utført av Statkraft Energi AS. Tydinga av dei ulike trafikkljos er som følgjer:



God og stabil status



Middels god og/eller variabel status



Dårleg og ustabil status



Kartgrunnlag: © Statens Kartverk/Tillatelsnr. 2001/553

Viktige forhold i vassdraget:

Det er ein skjønnsforutsett minstevassføring i Surna nedstrøms Trollheim kraftverk på 15 m³/s målt ved Skjermo. Ved tekniske feil er kravet til minstevassføring 5 m³/s i perioden 15.10-15.5.

Statkraft har eit utsettingspålegg på 35 000 2-årig smolt og 60 000 1-somrig yngel av laks. I juni 2006 vart Rossåa setjefiskanlegg i Todalen opna. Anlegget skal levere fisk til Surna, Bævra og Toåa.

SINTEF Energiforskning har vidareutvikla og brukt vassdragssimulatoren, for å dokumentere korleis dei fysiske forholda er og har vore for den regulerte delen av Surna, med vekt på verknader for ungfisk av laks i forhold til kraftproduksjon. Norsk Institutt for naturforskning (NINA) er og engasjert for fiskebiologiske undersøkingar i vassdraget.

Tilfelle med utfall av kraftstasjonen har ført til stranding av fisk. Det utredast tiltak for å sikra vassføringa og motverke negative konsekvensar for fisken ved utilsikta stans.

Dei lågaste tettleikene av lakseungar er funne nedstrøms kraftverket, dette er truleg reguleringseffekt av kaldt vatn, stranding og tørrelgging av gytegroper. Statkraft har innført ein sjølvpålagt restriksjon ved at nedkøyring av Trollheim kraftverk skal skje trinnvis når vassføringa ved Skjermo er mellom 15 og 30 m³/sek.

Nasjonalt laksevassdrag frå 2003. Ut frå fangstane er vassdraget blant dei 15 beste i landet.

På grunn av gyrosmitte i nabovassdrag kontrollerer Mattilsynet vassdraget regelmessig for mogleg smitte.

Andelen rømt oppdrettsfisk i fangstane har variert mellom 4-13 % i åra 1996-2004. I gytebestanden er talla truleg høgare sidan mykje rømt oppdrettsfisk kjem i elvane etter at fisket er over. I fangstane frå 1989-2004 var 10-27 % kultivert laks utsett som smolt. I 2003 og 2004 var 8 og 7 % av fangsten frå merka 1-somrige lakseungar sett på ikkje-lakseførande strekningar.

Statkraft si vurdering:

Surna har ein redusert ungfiskproduksjon av laks og sjøaure. (4a i DN's vurdering). Statkraft har som mål å drive Trollheim kraftverk på ein meir miljøtilpassa måte. Gjennom dette og kompenserte tiltak som fiskeutsettingar meiner Statkraft at det skal vera mogeleg å sikre gode og levedyktige bestandar av laks og sjøaure.

Relevant litteratur:

1. Skjønn Trollheimen kraftverk. En sammenfatning av resultater av undersøkelser på laks og ørret i Surna i 1984 og 1985. Rapport nr 1 1985, Zoologisk museum, Universitetet i Oslo.
2. Tetthet og vekst hos laks og ørretunger i Surna og sidebekker i 1998. LFI, Zoologisk museum, universitetet i Oslo.
3. Fiskebiologiske undersøkelser i Surna 2002-2004, rapport nr 54, NINA
4. Evaluering av utsettingspålegg i Surna og Bævra. Oppdragsmelding 338, NINA
5. Ny rapport, SINTEF Optimalisering

"Miljøstatus for regulerte vassdrag" er utarbeida for å gje forvaltninga, kommunane, grunneigar og publikum ein oppdatert status for miljøforhold i vassdraget, med spesiell vekt på fisk.